

# Møteinkalling

---

**Utval:** **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

**Møtestad:** Breheimsenteret, Jostedal

**Dato:** 19.06.2017

**Tidspunkt:** 10:00

---

Velkommen til Jostedalen og til Breheimsenteret!

Styremøtet varer fra kl. 10:00 til 11:30 så vær ute i god tid denne morgonen. Her er resten av programmet:

1130-1245: Lunsj

1245-1400: Seminar

1400-1415: Kaffi

1415-1645: Gruppearbeid

1645-1700: Oppsummering

1800: Middag på hotellet

2000: SNO sitt møte med besökande

2020: Marianne Reusch: Allemannsretten; eit gode og ei utfordring. Med spesielt fokus på verneområde.

På tysdag drar vi på synfaring til Krundalen. Då parkerer vi ved Bergset og vandrar innover og oppover mot Tuftebresteinen. Dette er ein av stadene nasjonalparken har tiltak i sommar. Styret treng gode (fjell-)sko, sekk med kle, drikkeflaske og matpakke (niste smørar vi på hotellet). Ta gjerne med gamasar (kan være blautt).



Utsyn mot Tuftebreen.

For Stryn kommune møter Kari Synnøve Muri for Sven Flo. Alle har meldt om overnatting måndag til tysdag og deltaking på synfaring tysdag, bortsett frå Venke Kollbotn og Einar Målsnes. Nokon frå dei tre nasjonalparkstyrna har også meldt si deltaking til foredrag søndag kveld, samt overnatting, mellom andre Jarle Aarvoll.

Eventuelt forfall eller andre endringar må meldast snarast til forvaltar.  
Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed. Velkommen!

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 17/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 16/17	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 18/17	Orienterings- og drøftingssakar <i>Sjå under</i>		
ST 19/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til bålpass og helikopterflyging i samband med byggearbeid - Sunndalssetra sameige		2017/2026
ST 20/17	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - rehabilitering av bygning på Sunndalsseter - g/bnr 17/5 - Bukkebu / Jua		2017/2029
ST 21/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorferdsel og vedhogst på Bødalsseter 2017-2020 - Bødalen sameige		2017/2141
ST 22/17	Jostedalsbreen nasjonalpark -løyve til tre bygg, uttak av torv, og helikoptertransport til Sunndalssetra - g/bnr 17/3 Andersbruket		2017/2023
ST 23/17	Eventuelt		

### Drøftings- og orienteringssakar:

1. NiN-kartlegging i Jostedalsbreen nasjonalpark.
2. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har fått til saman kr 365 000,- i supplerande tildeling frå Miljødirektoratet.
3. Statusoppdatering på brukarundersøkinga, samt andre tiltak i nasjonalparken.
4. Vinkelsliping i svaberg - brot på verneforskrifta.
5. Orientering om den siste kommunikasjonen med Bergen turlag. Gjeld låsing av omn og droneflyging.
6. Nasjonalparkstyret i media sidan sist.
7. Bachelorstudent frå HVL vil skrive oppgåve om innfallsporten Tjuen.
8. Møtet i september kolliderer med KS-konferansen. Framlegg til ny møtedato.
9. Tre innkomne dronesakar til handsaming.

**ST 16/17 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll**

**ST 17/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 18/17 Orienterings- og drøftingssakar**



Arkivsaksnr: 2017/2026-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 01.06.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	19/17	19.06.2017

## **Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til bållass og helikopterflyging i samband med byggearbeid - Sunndalssetra sameige**

### **Innstilling frå forvaltar**

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark kap. IV, punkt 5.3, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til Sunndalssetra sameige v/ leiar Sverre Guddal for å etablere ein bållass på Sunndalssetra i samband med restaurerings- og byggearbeid, på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i fire år frå dags dato og ut år 2020.
- Det skal berre brennast reint, umåla og ubehandla trevirke.
- Løyvet gjeld brenning på avtalt lokalisering jf. biletet, men ikkje i så stort omfang at bergknausen i bakkant blir varm og sprekk opp.
- Spiker, skruer og tilsvarande må samlast inn etter kvar gong det blir brent trevirke, slik at det ikkje er til fare for natur, dyr og folk.

Søkjær har ansvar for at brenninga går føre seg innanfor anna lovverk.

I medhald av verneforskrifta punkt 4.3 gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til Sverre Guddal til lågtflyging og landing med helikopter på Sunndalssetra på følgjande vilkår:

- Max 9 hiv med helikopter med det føremål å frakte material, verktøy og utstyr inn til setervollen i samband med byggeprosjektet, og til frakt av avfall ut att.
- Flyginga skal ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdagar og på offentlege fridagar grunna omsynet til friluftslivet.
- Flyginga kan gjerne kombinerast med andre transportoppdrag til Sunndalssetra som gjeld frakt av material, utstyr, proviant inn til setra, søppel ut frå setra, eller liknande, men skal halde seg til det løyvde talet turar.
- Dagen før planlagt flyging skal Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (tlf 95 96 38 88) eller underteikna varslast pr. sms eller telefon.

Flygeløyvet gjeld like lenge som byggjeløyvet, til og med år 2019 (vedtakssak 4/17). Søkjær må sjølv innhente flygeløyve frå Stryn kommune etter lov om motorferdsel.



## Saksopplysningar

På vegner av Sunndalssetra sameige søker leiar Sverre Guddal om løyve til å etablere ein permanent bålpass på Sunndalssetra. Føremålet med å ha ein permanent bålpass er, jf. søknaden, for å kunne brenne rivingsavfall frå fleire av restaurerings- og vedlikehaldsprosjekta som går føre seg på Sunndalssetra.

Det er per dags dato fire ulike eigalar (Mons Rune Guddal, Sverre Guddal, Ingolf Folven og Anders Folven) som er i gong eller i prosessen med restaurerings- og vedlikehaldsprosjekt på bygningar på Sunndalssetra.

Sameiget skriv i søknaden at dei har funne ein godt eigna plass til føremålet, ca 40 meter vest for selet til søker, på ei myrlendt flate nedanfor eit lite berg (sjå biletet under). Plassen er lite synleg frå setergrenda, og det renn små bekker på tre av kantane av flata.



Det har vore episodar med brenning av avfall på ulike stader på stølsvollen på Sunndalssetra dei siste åra utan løyve. Det er soleis fint at sameiget no søker om ein felles bålpass på stølsvollen.

Sameiget koordinerer helikopterflyginga i mellom dei ulike som har søkt om dette, slik at det flyginga mest mogeleg konsentrert i tid og for å redusere motorferdsle til eit minimum. Sverre Guddal søker om inntil 9 turar med helikopter for å frakte material og utstyr til vedlikehalds- og restaureringsprosjektet på selet sitt.

### Lovgrunnlag

I verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, i kap. IV, punkt 5.1. står det *Ureining og forsøpling er forbode. Avfall skal takast med ut av området. Det må ikke nyttast kjemiske midlar, medrekna kalking av vatn og bruk av kunstgjødsel som kan påverke naturmiljøet.* Vidare i punkt 5.3 står det at *Forvaltningsstyresmakta eller den som får fullmakt til det, kan gje løyve til brenning av avfall frå hytter.*

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for blant anna transport av material til hytter m.m., jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt. I



---

tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «*Før eventuelt løyve vert gjeve skal trøngen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*»

## Vurdering

Verneforskrifta opnar for at forvaltningsmyndet kan gje løyve til brenning av avfall frå hytter. I vurderinga om det skal gjevast løyve til slik brenning må ein sjå om det omsøkte tiltaket kan stride mot verneføremålet.

Grunna dei store restaurerings- og vedlikehaldsprosjekta på setra, så vurderer forvaltar at det er kurant å gje løyve til ein mellombels bålsplass til dei store mengdene med materiale som vil bli generert. Det hadde vore god ressursutnytting å bruke mest mogeleg av kappet som ved til oppvarming i sela, men dersom det er avgrensa med lagringsplass for å halde det tørt, så er det betre å brenne den gamle kledninga på setervollen viss alternativet er helikoptertransport ut av dalen (nml § 10, 12). Å gje løyve til ein permanent bålsplass for brenning av materiale vurderer forvaltar å ikkje være naudsynt, då det ikkje skal være sopass omfattande vedlikehaldsprosjekt i all overskueleg framtid. Ein kan heller vurdere saka på nytt om fire år, dersom disse arbeida ikkje er avslutta, eller om nye prosjekt er i gong.

Bålbrening med det føremål å koke kaffi eller i ein sosial samanheng går føre seg i den oppmurte steinomnen/bålplassen som sameiget har laga midt på stølsvollen, og ikkje på denne omsøkte bålplassen.

Lokaliseringa av bålplassen er peikt ut av sameiget. På den vetele myrflata vil vegetasjonen raskt kunne vokse til att etter at brenninga er ferdig, og etter at det er rydda opp ev spikrar og slikt. Det er ikkje registrert særskilt biologisk mangfold på denne plassen (nml § 8). Det er likevel viktig at bålet ikkje blir for stort, eller kjem for nærmere bergknausen i bakkant (nml § 9, 10). Då vil fjellet kunne sprekkje opp, noko som vil være i strid med verneføremålet.

Materiale som er måla eller overflatebehandla på anna vis er ikkje høve til å brenne på denne, eller andre bålplassar. Det er heller ikkje lov etter ureiningslova (uansett om det er i eit verna område eller ikkje), som kommunen er mynde for. Derfor må dette fraktast ut med helikopter og leverast på godkjent mottak (nml § 11). Dette står også i det enkelte løyvet til dei aktuelle seleigarane som har vedlikehalds- eller restaureringsprosjekt.

Den samla belastinga av støy og uro frå helikopter vil vere merkbar i byggjepериодen, men forvaltninga vurderer dette som tolbart i ei avgrensa periode (nml § 10). Det er eit mål i Jostedalsbreen nasjonalpark å holde nivået på den motoriserte ferdsla så låg som mogeleg. Den samla belastinga på Sunndalssetra med tanke på helikoptertransport er lita. Dersom alt av reint, ubehandla tre skulle bli frakta ut av nasjonalparken med helikopter ville det ført til ei auke av helikopterbruk og støy for både dyreliv og friluftsliv.

Brenning av anna avfall enn reint trevirke vil bli meldt til politiet (nml § 11).



Arkivsaksnr: 2017/2029-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 31.05.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	20/17	19.06.2017

## **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - rehabilitering av Bukkebu / fjøsen/ Jua på Sunndalsseter - g/bnr 17/5**

### **Innstilling fra forvaltar**

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første ledd, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette løyve til Ingolf Folven for rehabilitering av Bukkebu / Jua /Fjøsen til G/bnr 17/5 på Sunndalssetra i Stryn kommune. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Selet blir endra i tråd med søknaden. Det inkluderer utbytting av ev dårlege botnstokkar i selet, endring av takmaterial frå bølgjeblekk til torvtekking, kledning på langveggane med liggjande grå eller brun panel, og oppmuring av fundamentet til selet med tørrmura naturstein. Det blir ikkje endra på takvinkel eller takhøgde.
- Dersom vindaugelet ev skal bytast ut, må det nye være av same storleik og utsjånad.
- Dette løyvet gjeld til og med 1. oktober 2019, men kan forlengjast om naudsynt.
- Alt avfall skal fraktast ut av nasjonalparken. Reint, ubehandla trevirke kan brennast i omnen på selet eller på avtalt plass på setervollen, jf. løyve. Material skal lagrast forsvarleg, og det som ikkje vert brukt skal fraktast ut att av nasjonalparken.

I medhald av naturmangfoldlova § 48 gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til å ta ut torv- og torvmaterial i nærliken av setervollen til tekking av taket på Bukkebu. Torva skal takast på ein skånsam måte for terrenget og vegetasjonen. Det skal ikkje nyttast frøblandinger eller torv/jord frå andre plasser enn rundt setervollen. Løyvet gjeld også hogging av bjørk på austsida av setervollen for å nyttast til sperr på torvtaket.

I medhald av verneforskrifta punkt 4.3 gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til Ingolf Folven for helikopterflyging til Sunndalssetra på følgjande vilkår:

- Inntil 5 turar/landingar med helikopter med det føremål å frakte material, verktøy og utstyr i samband med byggeprosjektet, og til frakt av avfall ut att.
- Flyging skal ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdagar og på offentlege fridagar grunna omsynet til friluftslivet.
- Flygetidspunktet må kombinerast med andre transportoppdrag til setra så langt det er mogeleg, og koordinerast av Sunndalssetra grunneigarlag.



- Dagen før planlagt flyging skal Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (tlf 95 96 38 88) eller forvaltar varslast pr. SMS eller telefon.
- Løyveinnehavar må ta med seg løyvet under ferdsle i tilfelle kontroll, og må føre køyrebok. Motorferdsleløyvet gjeld like lenge som byggeløyvet.

Søkjar må også innhente løyve til motorferdsle frå Stryn kommune.

## Saksopplysningar

Ingolf Folven søker, i brev datert 22.mai 2017, om restaurering/utvida vedlikehald på den gamle seterfjøsen, torvuttak, uttak av bjørk som material og helikoptertransport til Sunndalssetra i samband med dette arbeidet. Ingolf Folven eig og driv g/bnr 17/5 i Stryn kommune, og har eit sel og eit ombygd fjøs på Sunndalssetra (sjå biletet).



I søknaden står bygningen omtalt som fjøsen eller Bukkebu. Følgjande skriv Ingolf Folven om historia:

*Fjøsen til Gnr17 Bnr5 var til nedfalls då den vart berga i siste liten tidleg på 1970 talet. Det gamle torvtaket var ramla ned og gavlveggane var i ferd med å bikke. Veggane vart då stiva av og det vart lagt på bølgeblekktak. Langveggen på vestsida vart kledd med gamle gjødselsekkar og restane av det gamle taktrodet. Innvendig vart der innreia til oppholdsrom med to senger, bord og omn. På austsida vart det laga vedaskyle. Etter meir enn 40år er det på tide med eit noko omfattande vedlikehald.*

I rapporten Etymologisk feltarbeid i Oppstryn 1974 er bygningen omtalt som opphavleg fjøs, men ombygd til sel/hytte, og blir kalt «Jua».

Jamfør søknaden er følgjande tenkt for vidare ivaretaking av Bukkebu:



- Rette opp att grunnmuren, ev skifte ut därlege botnstokkar viss naudsynt.
- Byte kledning på både austre og vestre langvegg. Ny kledning vil då være liggjande, og anten få eit strøk med tjære eller jernvitrol. Dei to gavlveggane vil Folven ha som dei er, utan kledning, då dei er spesielt fine.
- Skifte taktekke frå bølgjeblikk til torv, slik som opphavleg var på 60-talet, utan å endre på takvinkel eller takutstikk.
- Hogge bjørk til nye sperr på taket i området aust for setra. Dette har vore gjort til tilsvarande arbeid før.
- Ta ut torv til taktekkinga i eit fuktig område 30-40 m aust for fjøsen. Dette området har vore nytta til torvuttak tidlegare.

Søkjar ønskjer å komme i gang med grunnmur og hogging av bjørk sommar/haust 2017, og planlegg bygningsarbeid sommaren 2018.

Ingolf Folven søker også om inntil fem turar med helikopter for å frakte material til setra i samband med prosjektet. I søknaden står det at grunneigarane vil samarbeide om helikoptertransport, då fleire av dei som eig bygg på Sunndalssetra har bygningsarbeid på gong samstundes.

### Lovgrunnlag

Kulturminne og kulturlandskapet er eitt av verneføremåla i Jostedalsbreen nasjonalpark.

I verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark står det i § IV, punkt 1.1: *Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetting av bygningar (...).* I punkt 1.2., første strekpunkt står det: *Reglane er ikkje til hinder for at eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggjeskikken på staden, men ikkje endrast, bygjast om eller utvidast, (...)* Punkt 1.3, første strekpunkt, seier at *Forvalningsstyresmakta (...) kan når særlege grunner ligg føre gje løyve til å byggje, ombyggje, utvide eller endre bygningar m.m som nemnd under punkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området, (...).*

*Plantelivet er verna mot all slags skade og øydelegging som ikkje kjem av vanleg ferdsla og tradisjonell beiting i utmark, jf verneforskrifta punkt 2.1. Nye planteartar må heller ikkje innførast. Det er ikkje opning i forskrifta for å gje dispensasjon frå dette, så difor må naturmangfoldlova si § 48 nyttast i tilfellet der ein ønskjer å ta ut torv.*

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvalningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for blant anna transport av material til hytter m.m., jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «*Før eventuelt løyve vert gjeve skal trangen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*»

Stølsmiljøa i Jostedalsbreen nasjonalpark er ein viktig del av landskapsbiletet, og tiltaket skal difor også vurderast etter dei «miljørettslege prinsippa» i §§ 8-12 i naturmangfaldlova (nml.), jf. nml. § 7, og føremålet med nml. (§ 1): «*Lovens formål er at naturen med dens biologiske,*



*landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern (...).».*

## Vurdering

Stølsmiljøa er ein viktig del av vernegrunnlaget for Jostedalsbreen nasjonalpark. Kunnskapen om kulturmiljøet og kulturlandskapet rundt stølane er høgt, og forvaltar er godt kjent på Sunndalssetra (jf. nml. § 8). Ein føresetnad for å oppretthalde kulturlandskapet er at stølsområda er i bruk. Det er difor viktig å halde ved like bygningane for å oppretthalde kulturlandskapet.

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er retningslinja for kulturminne og bygningar omtala slik: «*Hindre at kulturminne og verdfullt kulturlandskap vert øydelagde av inngrep og slitasje. Dersom det er ønskjeleg skal verdfulle kulturminne, kulturlandskap og bygningsmiljø i Jostedalsbreområdet takast vare på gjennom restaurering.»*

Nokon av bygningane på Sunndalssetra har torvtak i dag. For femti år sidan var torv den dominerande taktekkinga på stølsvollen. Dette kan såleis seiast å vere den tradisjonelle byggjeskikken på staden. Den opphavlege metoden på stølane var å ta ut torv i nærleiken av stølsvollen. Forvaltar vurderer at avgrensa, skånsamt uttak av torv område som tradisjonelt har vore nytta til tekking av tak i eit restaureringsprosjekt ikkje er i strid med vernevedtakets føremål og kan heller ikkje påverke verneverdiane nemneverdig, slik krava i nml § 48 stiller til eit slikt vedtak.

Tiltaket er ikkje venta å føre til belastning på økosystemet (jf. nml. § 10), utover den aktiviteten knytt til stølsmiljø som det er ønskjeleg å ha for å oppretthalde kulturlandskapet.

Jamfør nml. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, bør det setjast vilkår om at eventuelt behandla trevirke, og anna avfall som blir til overs, skal fraktast ut av nasjonalparken, og at det ikkje skal ligge att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført. Reint, ubehandla trevirke kan brukast som brensel i selet, eller brennast på bål på løyvd plass. Kostnadane ved miljøforringing er lite aktuelt i dette tilfellet (jf. nml. § 11).

Den samla belastinga av støy og uro frå helikopter vil vere merkbar på flygedagen, men forvaltinga vurderer dette som tolbart (nml § 10). Søkjar skriv at grunneigarane på setra som har bygningsarbeide gåande prøver å få utført helikoptertransporten koordinert slik at dei sparar tal turar og kan ta mykje på ein konsentrert tidsperiode. Dette er også omtalt i forskrifta. Det er eit mål i Jostedalsbreen nasjonalpark å holde nivået på den motoriserte ferdsla så låg som mogeleg. Den samla belastinga på Sunndalssetra med tanke på helikoptertransport har vore lita fram til dags dato.

Forvaltar vurderer at både restaureringa, torvutaket og helikoptertransporten er i tråd med verneforskrifta og innstiller positivt på disse tre tiltaka.



Arkivsaksnr: 2017/2141-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 09.06.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	21/17	19.06.2017

## **Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorferdsel og vedhogst på Bødalsseter 2017-2020 - Bødalen sameige**

### **Innstilling frå forvaltar**

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark kap. IV, punkt 4.3, 1. og 2. strekpunkt, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til Bødalen sameige v/ Erik Bødal til motorferdsel til Bødalsseter på følgjande vilkår:

- Inntil 28 turar med motorkøyretøy på barmark i løpet av kvar barmarks sesong frå og med 2017 til og med 2020 med det føremål å frakte gjerdematerial, vedlikehaldsmaterial, hente ut sjuke beitedyr og drive plukkhogst/rydde kratt.
- Den motoriserte ferdsla skal følgje køyresoporet fram til der køyresoporet stoppar før setervollen, eller varsamt spreidd på innmarka der det trengs for beiterydding og plukkhogst.
- Det skal ikkje køyrast på dagar med mykje nedbør og/eller blaut mark.
- Køyringa bør ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdagar og på offentlege feriedagar grunna omsynet til friluftslivet.
- Køyringa gjeld for inntil to turar i veka, jf. skjøtselsplanen, men dette kravet kan de sjå bort i frå i travle periodar for husdyrhaldet så fremt sameiget ikkje overstig det totale tal turar ila sesongen.
- Kva grunneigar/husdyreigar har ansvar for å ta med seg kopi av dette løyvet under ferdsla i tilfelle kontroll.
- Bødalen sameige må sende ei oversikt til nasjonalparkforvaltninga over tal turar, kva dagar de har køyrt og føremålet med køyringa innan 1. november kvart år.

Nasjonalparkstyret gjer elles merksam på at vanleg vedlikehald på sel og fjøs er positivt og bidreg til å oppretthalde det flotte setermiljøet på Bødalsseter. Dersom enkelte grunneigarar ønsker å *ombyggje, utvide eller endre bygninga* må dette handsamast av nasjonalparkstyret jf. verneforskrifta. Dersom det er trøng for motorferdsle grunna større



vedlikehaldsprosjekt på bygningsmassen på Bødalsseter kan dette søkjast om i eigen søknad.

## Saksopplysningar

Bødalen er ein sidedal i Lodalen i Stryn kommune. Då nasjonalparken vart oppretta i 1991 vart dei tre Strynedalane Bødalen, Erdalen og Sunndalen innlemma i område med rikspolitiske retningslinjer. I 1998 vart disse seterdalane innlemma i restan av nasjonalparken. Tunstrukturen på Bødalsetra, saman med at sela har tradisjonell utforming, gjer at bygningsmiljøet har stor verdi.

Det er ein bom på vegen inn mot Bødalsseter, og som berre grunneigarane har nøkkel til. Nasjonalparkstyret har tidlegare avslått ein søknad frå ein motorsyklist som ønskja å køyre inn til setra.



## Søknaden

Bødalen sameige v/ Erik Bødal søker om eit fleirårig motorløyve til Bødalsseter. Forvaltar har også vore i kontakt med grunneigar Magne Beinnes på telefon.

Det er ni grunneigarar som har sel på Bødalsseter. Dei har litt ulike behov for motorferdsle, avhengig av vedlikehald og aktivitet. Erik Bødal er den einaste grunneigaren att med dyr på beite i dette området, om lag 300 sau vert slept i Bødalen. Då har han behov for å kunne nytte traktor for å kunne reparere gjerde, hente sjuke dyr, og anna landbruksrelatert aktivitet.



---

Det er også fleire storfebønder som leiger beiterett og kan også ha behov for transport av sjuke dyr ut av området.

Det er fleire av dei ni grunneigarane som ønskjer å ta ut ved, og rydde kratt i randsona til setrevollen. Til dette ønskjer dei også å nytte traktor. Veden vert nytta på setra og heime på gardane. Det er mest oreskog og anna lauvoppslag, og grunneigarane nytter «plukkhogst-metoden» på større tre enn krattrydding, jf. samtale med Magne Beinnes. Søkjar skriv også at det er ofte behov for småvedlikehald på vegen inn til setra i samband med flaum. Søkjar gjer nasjonalparkforvaltninga merksam på at køyrevegen inn til setra har eksistert som traktorveg dei siste 50 åra.

Med utgangspunkt i ni grunneigarar som ønskjer å køyre inn minst ein gong til setra i løpet av sommaren, samt at grunneigarar som ønskjer å rydde kulturlandskap/hogge ved og rydde kratt til beite, samt trond for ekstra turar for å hente ut dyr og køyre gjerdematerial, søker Bødalen sameige om 2 turar i veka med motorferdsle frå nasjonalparkgrensa og til Bødalsseter. Motorferdsla vil gå føre seg med anten traktor eller anna egna motorisert farkost, som t.d. pick-up langs køyresporet som vart finansiert av nasjonalparken for nokre år sidan.

### **Lovgrunnlag**

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvaltningsstyremakta kan gje løyve til *motorferdsle i samband med husdyrhald og vedhogst*, (første strekpunkt) og til *transport av material til hytter, klopper, m.m., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer*, jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt.

I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «*Før eventuelt løyve vert gjeve skal tronen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*»

I den gamle forvaltningsplanen står det følgjande på side 58:

c) *Dispensasjon til barmarkskjøring vil i utgangspunktet ikkje bli gjeve.*

Forvaltningsplanen stiller krav til at det skal rapporterast skriftleg til forvaltningsmyndet etter at motorferdsla i verneområdet har funne stad.

I skjøtselsplanen for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark frå 2001 står det m.a. i kapittelet om Bødalen (side 24 og 25):

### **Beiterydding**

*Beiterydding kan vere aktuelt i området, først og fremst i nærleiken av setra. Beiterydding krev løyve etter verneforskrifta pkt. IV, 2.3. Attgroing er eit problem, og det vil difor vere aktuelt å gje løyve til rydding av beite og beitestiar i nærleiken av setra.*

### **Motorferdsel**

*Grunneigarane har behov for ei viss motorferdsel inn til Bødalsetra for transport av proviant, materialar, beitedyr ved sjukdom, vedlikehald av bygningar og anna. Det same gjeld for drift av teltplassen og DNT-hytta. Fylkesmannen meiner det vil vere rett å gje løyve til bruk av*



*traktor/firehjulstrekkar 1 gong i veka til Bødalsetra og det same til drift av teltplassen (i snitt, må truleg vere meir fleksibelt). Løyvet vil gjelde naudsynt transport (må utdjupast nærmere), og bør gjevast som fleirårig løyve. Løyvet bør gjevast til Bødal Sameige, og vil kunne tene alle grunneigarane, fleirårige leigetakrar og til drift av teltplassen. Kvar og ein vil vere ansvarleg for sitt transportoppdrag, og at det vert loggført. Ved køyring må det skriftlege løyvet vere med. Eit løyve vil bli gjeve på vilkår om at ei årleg oversikt over samla transport vert sendt fylkesmannen. Det vil truleg vere fornuftig med informasjon ved P-plassen om kva som er lovleg køyring til Bødalsetra. Ved enden av parkeringsplassen bør det vere eit stengsel (kjetting) for å hindre uvedkomande å køyre inn til Bødalsetra. Fylkesmannen vil om naudsynt bidra økonomisk til tiltaket.*

#### Tiltak som grunneigarane ønsker og som vil kunne få løyve

(...)

- *motortransport (traktor) til setra og teltplassen*
- *motortransport i samband med sjuke beitedyr (melding i forkant eller etterkant som vilkår)*

## Vurdering

Med dei omsøkte 2 turane i veka i barmarkssesongen blir det totalt, frå midten av mai til ut september, 28 turar med traktor/pick-up/atv frå nasjonalparkgrensa til Bødalsseter. Nasjonalparkforvaltaren vurderer dette til å være eit høgt tal turar på barmark i ein nasjonalpark. Det er likevel opna for dette i skjøtselsplanen, og dette har også foregått i mange år, jf. sameiget og tidlegare forvaltningsmynde. Nasjonalparkforvaltaren har ikkje funnet tidlegare løyve til dette i arkiva, men aktiviteten har foregått i god tru.

Tiltaket vil føre til ein lågare belastning på økosystemet (jf. nml. § 10) dersom køyringa er avgrensa til det mest naudsynte, at køyringa følgjer køyresporet, og at det ikkje vert køyrt når marka er blaut. Køyrespora er tillaga med statlege midlar for å kunne få fram material og proviant til setra utan å lage spor i terrenget. Sjølv om det i forvaltningsplanen står at løyve til barmarksøyring ikkje vil bli gitt, er det i skjøtselsplanen opna for å køyre med traktor inntil to gonger i veka fram til Bødalsetra (både til sela og i samband med teltplassen). Forvaltningsplanen vart skreve på eit tidspunkt Bødalen ikkje var i nasjonalparken, men planen er no under revidering.

Det er god kvalitet på dei køyrespora som vart tilrettelagt for nokre år sidan mens Fylkesmannen hadde forvaltningsmynde. Dersom sameiget held den motoriserte ferdsla på disse to tilrettelagte spora, under føresetnad at det ikkje er for blautt i marka, vil ikkje ferdsla kunne føre til fysiske spor i på underlaget (nml §§ 9 og 10 og 12). Køyretøy bør ikkje køyre inn på stølstunet (mellan bygningane), då det ikkje er like er like godt underlag på bakken (nml § 9). Noko spreidd køyring på innmarka i samband med gjerdevedlikehald og krattrydding og plukkhogst så fremt det ikkje blir køyrt i same spor på blaut vegetasjon vil også naturen kunne reparere fortløpande.

Forvaltar vurderer at motorisert ferdsle langs køyresporet til der køyresporet stoppar før setervollen, samt avgrensa køyring i samband med husdyrhald og vedhogst er i tråd med verneforskrifta, og innstiller positivt på dette. Det er likevel fint å få ei oversikt over behovet over tid, slik at ein kan tilpasse tal turar til behovet sameiget har for å halde stølvollen og kulturlandskapet vedlike. Kulturlandskap og kulturminne er eit av føremålet med vernet i Jostedalsbreen nasjonalpark.



Arkivsaksnr: 2017/2023-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 06.06.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	22/17	19.06.2017

## **Jostedalsbreen nasjonalpark -løyve til tre bygg, uttak av torv, og helikoptertransport til Sunndalssetra - g/bnr 17/3 Andersbruks**

### **Innstilling frå forvaltar**

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første ledd, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette løyve til Anders Folven, til byggearbeid på tre bygg under G/bnr 17/3 Anders-bruket på Sunndalssetra i Stryn kommune.

Løyvet gjeld rehabilitering av Anders-fjøsen på vilkår av at:

- Fjøset får same tak (bølgjeblekk) som har vore på bygningen tidlegare.
- Tremateriale (kledning og sperr) som ikkje trengst å skiftast ut skal brukast vidare. Avgjersla om kva som kan nyttast og ikkje ligg til utførande tømrar.
- Det skal nyttas same type kledning som er på fjøset i dag.

Løyvet gjeld utviding og rehabilitering av Anders-selet på vilkår av at:

- Selet skal ha same takvinkel og takutstikk som i dag.
- Selet (tømmerkassa) skal ha liggjande kledning, og kjøkken og bod skal ha ståande kledning. Sekundært kan det være motsett. Til kledning skal det nyttas ufalsa, rettskåret kledning av ulik bredde, t.d. 7", 8", og 9".
- Vindaugen på langveggen i stova skal ha gjennomgåande sprosser, men være like stort og i same opning som i dag. Det same gjeld for ev vindauge i gavlveggen, dersom det er opning i tømmerkassa (fotodokumentasjon kan sendast forvaltar). Vindauge på kjøkkenet og i inngangspartiet skal ha same storleik og i same høgde som det på langveggen i stova.
- Inngangsdøra skal være midtstilt, med mindre det kan påvisast at gamal inngangsdør ikkje var midtstilt.
- Taket skal være av torv eller av same type (bølgjeblekk) som i dag.
- Trematerial som ikkje trenger å bytast ut skal nyttast vidare, jf. vanleg praksis i kulturminnevernet.



Løyve til riving/gjenoppbygging av storselet/turisthytta/ysteriet på vilkår av at:

- Eit nytt storsel blir bygd identisk med eksisterande bygg, inkludert vindauge og dører.
- Eksisterande bygning blir fotografert frå alle vinklar på førehand og sendt til nasjonalparkforvaltaren.
- Alt rivingsmateriale skal fraktast ut av nasjonalparken og leverast til godkjent mottak.

Dette byggeløyve for dei tre omsøkte bygga gjeld til og med år 2019. Rapport og bilet vert sendt nasjonalparkforvaltaren ved avslutta prosjekt. Material skal lagrast forsvarleg.

I medhald av naturmangfoldlova § 48 gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til å ta ut torv- og torvmaterial i nærliken av setervollen til tekking av seltaket. Torva skal takast på ein skånsam måte for terrenget og vegetasjonen. Det skal ikkje nyttast frøblandingar eller torv/jord frå andre plasser enn rundt setervollen.

I medhald av verneforskrifta punkt 4.3 gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til lågtflyging og landing med helikopter på Sunndalssetra på følgjande vilkår:

- Max 8 hiv med helikopter med det føremål å frakte material, verktøy og utstyr inn til setervollen i samband med byggeprosjektet, og til frakt av avfall ut att. Løyve til ev fleire hiv kan avgjerast delegert av nasjonalparksekretariatet.
- Flyginga skal ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdagar og på offentlege feriedagar grunna omsynet til friluftslivet.
- Flyginga må koordinerast med andre på Sunndalssetra som også har løyve til helikopterflyging, slik at total motorferdsle blir halde på eit minimum.
- Dagen før planlagt flyging skal Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (tlf 95 96 38 88) eller underteikna varslast pr. sms eller telefon.
- Flygeløyvet gjeld like lenge som byggeløyvet.

## Saksopplysningar

### Dokument i saka:

- Søknad frå Anders Folven datert 24. mai 2017 med vedlegg i form av bilet, skisser, uttale frå handverkar, uttale frå E. Solheim og tilleggsopplysningar frå e-post.
- Samtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ kulturminnerådgjevar Knut Åland
- Samtale med Stryn kommune v/byggesakshandsamar Borghild Guddal
- SEFRAK [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no)
- E-postkorrespondanse om detaljar kring søknaden.

### Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark

## Lovgrunnlag



Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er i forskrifa datert den 25. oktober 1991 omtala slik:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep (verneforskrifta § IV, punkt 1.1). I punkt 1.2. står det at eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggeskikken på staden, men ikkje endrast, byggjast om eller utvidast (...).

Forvalningsstyresmakta kan gi løyve til å byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnd under punkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området (verneforskrifta § IV, punkt 1.3).

I forvalningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark står det mellom anna:

*Berre gjennom vedlikehald og istandsetjing av stølshus og fjøs vil gammalt bygningsmiljø leve vidare (...) Vi vil så langt som råd bidra med råd om tradisjonell byggeskikk til dei som ønskjer det, og samarbeide med fylkeskultursjefen om dette.*

*(...) Forvalningsstyresmakta kan ikkje stå for vedlikehald og restaurering av grunneigarane sine bygningar. Vi er difor avhengige av at eigarane sjølv tek vare på stølshus og fjøsar innafor og i randsonene til nasjonalparken. I samarbeid med fylkeskultursjefen vil vi bidra med kunnskap om byggeskikk og råd ved (om-)bygging og restaurering av stølshus og fjøsar innafor og utover nasjonalparken. (...).*

*Plantelivet er verna mot all slags skade og øydelegging som ikkje kjem av vanleg ferdsla og tradisjonell beiting i utmark, jf verneforskrifta punkt 2.1. Nye planteartar må heller ikkje innførast. Det er ikkje opning i forskrifa for å gje dispensasjon frå dette, så difor må naturmangfoldlova si § 48 nyttast i tilfellet der ein ønskjer å ta ut torv.*

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvalningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for blant anna transport av material til hytter m.m., jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal følgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «*Før eventuelt løyve vert gjeve skal trangen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*»

Stølsmiljøa i Jostedalsbreen nasjonalpark er ein viktig del av landskapsbiletet, og tiltaket skal difor også vurderast etter dei «miljørettslege prinsippa» i §§ 8-12 i naturmangfoldlova (nml.), jf. nml. § 7, og føremålet med nml. (§ 1): «*Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved berekraftig bruk og vern (...).*»



## Søknaden

Anders Folven eig tre bygg på Sunndalassetra som tilhøyrar gards- og bruksnummer 17/3 i Stryn kommune. Han skriv at grunna ulike private tilhøve har bygningsmassen på setra som tilhøyrar garden forfalt i mange år, men at han no ønskjer å ta tak i disse husa og rehabiliter dei. Søknaden gjeld følgjande:

- Rehabilitering av fjøs.
- Rehabilitering og tilbygg på sel.
- Riving av eksisterande bygning (turiststasjon/ysteri) og oppbygging av et nytt identisk bygg på same plass.
- Uttak av torv frå stølsvollen til nytt tak på selet.
- Helikoptertransport av material og utstyr, samt utflyging av avfall.

Det er vedlagt foto av tilstanden i dag på bygningane, og teikningar av korleis selet er tenkt, samt skisser av den toetasjes turiststasjonen/storselet. Vedlagt søknaden er også ein plan frå handverkar (Turøy), samt ei uttale frå E. Solheim om prosjektet.

Av søknaden går det fram at bølgjeblekkplatene på taket på fjøset ble tatt av vinden i fjar haust. Vi legger derfor til grunn i handsaminga at det også for fjøset sin del på gjerast arbeid utover vanleg vedlikehald.

For alle tre bygga blir derfor søknaden handsama etter verneforskrifta pkt. IV, 1.3 første strekpunkt der det står at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. som er nemnd under pkt. 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området*».

## Fjøsen

Her er planen til Anders Folven å skifte ut kledninga med same type som tidlegare, med vertikal, rettskåret plank. Denne vil bli satt inn med jernvitrol for å få den grå fargeeffekten. Det manglande taket vil bli skiftet ut med ny galvanisert bølgjeblekk, identisk med taket som har vore. Han vil skifte ut tverrstendarane i taket der dei er dårlige.

### Vurdering

Det vil være positivt for bygningsmiljøet om fjøsen blir rehabilert og får nytt tak i tråd med søknaden. Det er også positivt at dårlig kledning blir skifta ut med same type som tidlegare. Det er likevel forvaltar si vurdering at material som ikkje er roten/øydelagd og kan nyttast vidare ikkje bør skiftast ut, jf. vanleg praksis frå kulturninnemyndet i Sogn og Fjordane Fylkeskommune.



Bilete 1 og 2: Anders-fjøsen på Sunndalssetra er det første bygget ein kjem til på stølsvollen. Vinteren 2016/17 flaug taket av fjøsen under kraftig vind.

### Selet

Anders-selet er eit av dei eldste bygga på setra. Under selet er det eit lite fjøs med båsar via ein eigen inngong i muren (sjå bilet 3, 4, 5). Bygget er SEFRAK-registrert i Riksantikvaren sine arkiv over verneverdige bygg.





Bilete 3,4,5: Anders-selet sett frå ulike vinklar. Det ligg plassert litt i bakkant av stølsvollen, mot nordaust. Det er truleg eit hol i tømmerveggen under den ståande kledninga på gavlveggen.

Teikningane frå Anders Folven av selet etter planlagt oppgradering viser at det er ønskje om utviding ca. 140 cm lengde mot aust. Det vil danne eit nytt inngangsparti som er tenkt brukt til bod, jf. arkitektteikningane.





Bilete 6 syner fjøsbåsar under selet. Bilete 7 syner inngangen til fjøsen under selet, samt muren der den utvidinga av selet (inngong og bod) er planlagt.

Teikningane syner også ei endra (flatare) takvinkel og ståande kledning rundt heile bygget. Kledninga vil bli som den eksisterande, vertikal, men gjennomført rundt hele bygget, dvs. også utanpå tømmerveggane i stovedelen.


Søkjar skriv at *Det vil bli satt inn Røros vindu for å erstatte de manglende vinduene per i dag*. Han planlegg vidare å leggje torv på taket, slik som det, jf. søknaden, var på alle bygga på setra i gamle dagar, og planlegg å ta torv frå ein avsidesliggende plass på setra. Det er også trond for å skifte nokon av grunnbjelkane i selet.



Bilete 8 syner planlagt endring i gavlveggen mot nordvest. Bilete 9 viser dei tre omsøkte bygga, og deira plassering på stølsvollen på Sunndalssetra.

### Vurdering

Det er positivt at det gamle selet blir teke vare på. Forvaltar er einig om at utvidinga mot aust til den eksisterande muren (sjå bilete 7), med nytt inngangsparti (sjå bilete 10 og 11) er å tilbakeføre selet til slik det var tidlegare, med eit rom over inngangen til fjøsen.



Selet som er vist på teikninga vedlagt søknaden er etter forvaltar sitt syn i mindre grad i tråd med lokal byggeskikk på setra, enn det forskrifa set krev om. Mellom anna fordi selet skal ha ståande kledning heile vegen rundt (sjølv om selet har fått stående kledning på delar av den eine langveggen), at takvinkelen er større enn selet har i dag, og at inngangsdøra til selet ikkje er midtstilt. Det vanlege på Sunndalssetra er midtstilt inngangsdør.

Byggeskikken på Sunndalssetra syner at kledninga på sela vanlegvis er liggjande, noko som også er vanleg på andre stølar. Dei sela som har eit utskot/tilbygg har då ståande kledning på denne. Dersom søker ikkje ønskjer å nytte den kledninga som er på selet i dag og likevel planlegg å byte den ut, bør den nye kledninga på tømmerkassa primært være liggjande. Kledninga i tilbygget bør då være stående, for å skape den kontrasten som er vanleg i byggeskikken. Dersom nokon av materialane er brukande bør dei nyttast vidare. Forvaltar vurderer at dersom søker heller vil ha ståande kledning på tømmerkassa og liggjande kledning på tilbygget, er det også ei mogeleg sekundær løysing. Det er viktig å skape ein kontrast i eksteriøret. Til kledning vart det ofte nytta rettskorne bord av ulik breidde, eller hun dersom det var knappe ressursar. Det vil ikkje bli gitt løyve til å nytte «villmarkspanel». Fargen kan være grå (mange nyttar jernvitrol for å framkunde gråningsprosessen) eller tjære/ beis som overflatebehandling.

Forvaltar vurderer at eit nytt vindauge i same storleik med gjennomgåande sprosser kan setjast inn i stova på langveggen, der det er vindauge i dag. I tilbygget og i kjøkkenet (jf. teikning) kan også vindauge setjast inn i same storleik og høgde som det i stova, då det er planlagt nytt stenderverk/kledning der. Det vil ikkje bli gitt løyve til å utvide storleiken av vindauge i stova, eller lage fleire hol i tømmerveggen til dette føremålet. Dette er vanleg praksis i nasjonalparken, og i tråd med vurderingar frå fylkeskommunen.

Arkitektteikningane skisserer doble midtstilte vindauge i gavlveggen (sjå bilet 8). Søker er usikker på om det har vore vindauge i gavlveggen frå før, og forvaltar har heller ikkje lagt



merke til dette under tidlegare synfaringar på setra. Det er nokre bord som dekker deler av gavlveggen. I SEFRAK-registreringa står det «*Panel på vegg mot syd. Open del mot vest lukket med bord*». For at mest mogeleg av det eksisterande selet skal takast vare på, bør eit eventuelt vindauge i gavlveggen i stova være i den same opninga (og i same storleik) som opninga i gavlveggen i dag (under dei tildekkande borda). Opninga i tømmerveggen skal ikkje utvidast jf. dagens storleik, sjølv om den ikkje er symmetrisk i gavlveggen. Disse vurderingane er i tråd med tilrådingar frå kulturminnerådgjevar Knut Åland hos Fylkeskommunen.

Det er bølgjeblekk på taket i dag, men dette ønskjer søkjar å skifte ut med torv. Det har vore fleire andre sel på Sunndalssetra som har lagt torv på taket dei siste åra, med ønskje om å tilbakeføre denne byggeskikken. Dersom taket skal tekkast med torv, kan denne tas i nærliken av setervollen. Sameiget har faste stader der dei tek ut torv til same føremål, disse stadane har vore brukt i fleire generasjonar.

Steinmuren i kjellaren ser ut til å være i brukbar stand, men treng kanskje noko vedlikehald. Strukturelle grep, som t.d. storleiker på sperr, vurderer nasjonalparkforvaltaren å falle utanfor myndet til styret.

Etter nasjonalparkforvaltaren sitt syn, og med tilrådingar frå kulturminnemyndet, kan istandsetting og tilbygg på Anders-selet gjennomførast med dei endringar som følgjer av framlegg til innstilling.

### Turisthytta/storselet/ysteriet

Storselet vart bygd på initiativ av Anders Folven den 6. i 1940-åra. Det var opphavleg bygd for og brukt til stølsdrift/ysteri. Hytta vart også vurdert brukt i samband med bygginga av den tiltenkte "Raudalslina". Storselet vart ein periode frå 1950-tallet og fram til ca. 1975 brukt som turisthytte i samarbeid med Den Norske Turistforening. Dei siste åra har den vore i privat eige/bruk.

Jf. søknaden er storselet omtalt slik:

*Hytta er spinkelt bygget, uisolert og på et veldig dårlig fundament, dvs enkelte stabler med stein/trestokker på enkelte bærepunkt, satt på delvis jord/steingrunn (se bilde).*

*Som et resultat av dette har den i løpet av snart 80 år fått såpass store setningsskader at det gjør det vanskelig å korrigere, til tross for at det har vært forsøkt justert to ganger underveis i denne tida. Et utett tak har gitt uttalte råteskader på panel og stenderverk innvendig.*



*Kledning har generelt blitt vitret av været og må skiftes ut i sin helhet. Bilder av storselet som viser dagens tilstand er lagt ved søknaden. Oppføringa av den nye hytta vil bli identisk i størrelse, utforming, materialvalg og farge (BYA=54 m<sup>2</sup>, BTA=44 m<sup>2</sup> x2. BRA=40 m<sup>2</sup> x2.) (...) Man åpner opp for en selektiv offentlig bruk av hytta, det være seg skoleklasser, historielag evt andre (lokale) grupper som har spesiell bakgrunn for å bruke sætra. Fremtidig bruk er tenkt som styrkning til gardsbruket/jakt.*

Søkjar planlegg å bygge opp denne hytta i form av ferdigstilte element, flydd opp med helikopter. Den totale oppsettingstida er planlagt til ca. ei uke.



Stryn kommune vil, etter plan- og bygningslova måtte vurdere hytta som først ei rivingssak, deretter som ei nybyggingssak, noko som vil utløse krav om geologiske vurderingar om skred, m.m. I dialog med søkjar og med Stryn kommune vart det semje om at nasjonalparkstyret handsamar saka først.

#### Vurdering

Både søkjar, handverkarar og forvaltar sine eigne generelle vurderingar ut i frå synfaringar og bilete innvendig i frå hytta stadfester at det høgst sannsynleg ikkje lenger er mogeleg å setje i stand turisthytta slik den står i dag, og at det difor er naudsynt å rive den.

Verneforskrifta seier ikkje noko eksplisitt om riving og gjenoppbygging, og forvaltar har vurdert denne turisthytta etter heimelen i verneforskrifta som seier at *Forvaltningsstyresmakta, eller den som får fullmakt til det kan når særlege grunnar ligg føre gje løyve til bygge, ombygge, utvide eler endre bygningar m.m. som nemndt under pkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggeskikk på staden og tilpassast landskapet i området.*

Vurderinga kan gå i begge retningar for dette storselet. Fordi det blir eit nybygg og ikkje har utsjånad som eit sel eller fjøs kan det tolkast å *ikkje* være i tråd med byggeskikken på staden. På den andre sida stod bygget her på vernetidspunktet, og er såleis ein brikke i miljøet på setervollen. Dersom storselet hadde vært halde vedlike undervegs ville det ha vore ei enklare vedlikehaldssak. At eigar, jf. søknaden tilbyr å leige ut hytta til *selektiv offentlig bruk av hytta, det være seg skoleklasser, historielag evt andre (lokale) grupper som har spesiell bakgrunn for å bruke sætra*, vil kanskje oppfylle eit behov der årmenta får tilgong



---

til overnatting på setra? Men nasjonalparkstyret har ikkje mynde til å stille dette som vilkår om tiltakshavar ev skulle ombestemme seg på eit seinare tidspunkt. Pr dags dato har Miljødirektoratet ikkje ferdighandsama klagesaka om DNT Oslo og omegn vil få bygge ei turisthytte på Sunndalssetra.

### **Motorferdsel**

Søknaden gjelder også bruk av helikopter under byggearbeidet. Revet bygningsmasse vil bli flydd ned med helikopter, jf. søknaden. Anders Folven reknar at det skal være nok med åtte turar med helikopter for bygningsarbeidet på selet og fjøsen. Turane fordeler seg slik, jf. søknaden:

*Det er mulig vi trenger 5+3 turer denne runden, dvs 5 nå på slutten av juni for fjøset og 3 senere i sommer for selet. De tar 800 kg pr runde.*

*Fjøs: To runder for selve kledningen. En runde for golvbord og bølgeblikk tak. En runde for taktroer og bjelker. En runde for utstyr/drivstoff/maling.*

*Sel: En runde for materiale tak. En runde for utstyr/drivstoff/maling. En runde for annet materiale.*

Tal helikopterturer for storsetra er ikkje rekna ut. Det vil kunne handsamast på eit seinare tidspunkt. Dersom det blir naudsynt å utvide tal turar vil nasjonalparkforvaltaren kunne handsame dette jf. delegeringsreglementet.

### **Generell vurdering**

Stølsmiljøa er ein viktig del av vernegrunnlaget for Jostedalsbreen nasjonalpark. Kunnskapen om kulturmiljøet og kulturlandskapet rundt stølane er høgt, og forvaltar er godt kjent på Sunndalssetra (jf. nml. § 8). Ein føresetnad for å oppretthalde kulturlandskapet er at stølsområda er i bruk. Det er difor viktig å halde ved like bygningane for å oppretthalde kulturlandskapet (jf. nml. § 8). Tiltaket er ikkje venta å føre til belastning på økosystemet (jf. nml. § 10), utover den aktiviteten knytt til motorferdsle. Dersom DNT Oslo og omegn får endeleg løyve til å bygge turisthytte med 12 sengeplassar, og denne hytta (truleg med potensial for tilsvarende tal sengeplassar) begge blir brukt mykje av store grupper som vil gå over Kamperhamrane gjennom sommarbeitet til villreinen, vil dette kunne føre til ein stor samla belastning på villreinen (jf naturmangfoldlova § 10). Men fordi DNT-saka enno ikkje er ferdighandsama, er det vanskeleg å trekke disse konklusjonane per dags dato. Føre-var-prinsippet bør tilleggjast vekt i begge disse hyttesakane dersom dei, samla sett, vil kunne føre til større trafikk over Rauddalen. Men fordi denne hytta stod på Sunndalssetra på vernetidspunktet, har forvaltar vurdert den annleis enn innstillinga til vedtak i DNT-Oot-hyttesaka.

Forvaltar vurderer at avgrensa, skånsamt uttak av torv på eit spreidd område til tekking av tak i eit restaureringsprosjekt ikkje er i strid med vernevedtakets føremål og kan heller ikkje påverke verneverdiane nemneverdig, slik krava i nml § 48 stiller til eit slikt vedtak.

Jamfør nml. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, bør det setjast vilkår om at avfall skal fraktast ut av nasjonalparken, og at det ikkje skal liggje att materiale etter at arbeidet er gjennomført. Reint, ubehandla trevirke kan brukast som brensel i selet/storselet.



Kostnadane ved miljøforringing er lite aktuelt i denne saka (jf. nml. § 11). Føre-var-prinsippet (nml § 9) vurderer forvaltar som mindre relevant fordi kunnskapsgrunnlaget er godt om området i Sunndalen. Den samla belastinga av støy og uro frå helikopter vil vere merkbar i byggjeperioden, men forvaltninga vurderer dette som tolbart i ei avgrensa periode (nml § 10). Det er eit mål i Jostedalsbreen nasjonalpark å holde nivået på den motoriserte ferdsla så låg som mogeleg. Den samla belastinga på Sunndalssetra med tanke på helikoptertransport har vore lita til no. Denne sommaren vil det likevel være ei stor auke i motorferdsle frå helikopter grunna alle byggeprosjekta. Forvaltar vurderer at fordelen av å halde bygga ved like er større enn ulempene med helikoptertrafikk i eit avgrensa tidsrom. Fordi det er mykje friluftsliv i Sunndalen, og aukande, er det eit vilkår å ikkje fly på helgedagar m.m. med mykje folk ute.

#### **Privatrettslige forhold og om forholdet til annet lovverk**

Forvaltar gjer merksam på at løyve frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre som gjeld bygningane på Sunndalssetra og helikoptertransport, ikkje er vurdert ut i frå eventuelle privatrettslege forhold på Sunndalssetra og i sameiget, til dømes om det skulle være retningslinjer for kor mange bygningar kvart gnr/bnr kan ha på setra.

Stryn kommune må handsame byggesøknadar etter plan- og bygningslova, samt søknad om motorferdsel etter lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

**ST 23/17 Eventuelt**